



Sigurd og Sverre Wang stod på for musikklaget, gutemusikken og skulemusikken i meir enn ein mannsalder. Sverre var instruktør, materialforvaltar, barytonspelar og mykje meir, medan Sigurd var mangeårig dirigent og altnogelegmann. Her vert dei to eldsjelene heidra for den store innsatsen på ei tilstelling på Solheim Turiststasjon i 1985. Vi ser frå venstre Atle Fredheim, Sverre og Sigurd Wang og Liv Janne Hansen.

Uskedalen har alltid hatt eit rikt og aktivt lagsliv. Det har vore viktig for trivselen og samhaldet i bygda. Derfor er det gledeleg at vi framleis har så mange aktive lag med gode tilbod. På facebook er det ei side som heiter *Gamle bilder og historier fra Kvinnherad*. På denne sida har Jan Olav Træen nyleg lagt ut fleire kjekke bilete frå musikkorps- og skodespeltradisjonane i bygda. Nokre av bileta er også delt på facbooksida *Uskedalen*.

Bileta er opphavelig henta frå lokalavisene, og vi har valt å presentere dei her slik at også dei som ikkje er på facebook, kan få glede av dei. Her er mange kjente og kjære anlet, og bilteta gjev grunnlag for mykje god mimring. Ved å klikka på bileta vert dei større.



Biletet er henta frå ein konsert på Halsnøy i 1976. Vi ser at Sigurd Wang dirigerer, og alle klarinettane fortel oss at korpset framleis har janitsjarbesetning. Framme ser vi frå venstre Nina Børsheim(fløyte), Berit Johanne Wang(no Huse), Leif Arne Døsland og Jan Morten Myklebust(alle på klarinett). Lengst til høgre ser vi Bård Ljosnes på baryton, og blant kornettane skimtar vi i alle fall Einar Gjertsen, Inga Tveito og Bjørgulv Eik. Biletet er teke for Kvinnheringen, og fotografen er Kristian Olav Bringedal.



Dette bildet er frå same konserten. I første rekkje ser vi Nina Børsheim, Berit Johanne Wang og Leif Arne Døssland. Klarinettane like bak er Leif Ottar Tveito og Lars Wang. Nærast med ryggen til sit kornettisten Bjørn Myklebust. Vidare ser vi Einar Gjertsen(kornett) og dei 3 hornistane Jens Arnesen, Harald Snilstveit og Arne Terje Haugland. I bakgrunnen ser vi dei 3 i slagverksgruppa, Sigmund Fredheim (f.v.), Trygve Fredheim og Harald Raudstein.

Uskedal ungdomslag hadde ein periode ei særst aktiv teatergruppe. Dei hadde fleire spelstykke på programmet kvar sesong. Spelstykkane deira var ofte på programmet både på den årlege Landsstemna og Hordastemna som vart arrangert i Noregs Ungdomslag sin regi. Ofte var dei og populære programpostar i andre samanhengar, og dei reiste mykje rundt med skodespela sine. Truleg var ingen andre av dei mange teatergruppene i ungdomslaga rundt i landet så aktive.



Spelstykket Skjærgårdsflirt vart svært populært då det vart vist. Instruktørar var Inger Lise Eidsvik og Bjørgulv Eik. Her er skodespelarane som var med samla på scenen. 1.rekkje frå venstre: Bjørgulv Eik, Anne Lise Øyrehagen, Asbjørn Rød, Møyfrid Kristoffersen og Hans Reidar Kjærland. Bak ser vi frå venstre: Inger Lise Eidsvik, Magne Eik, Kirsten Rød og Harald Raudstein.



I 1979 var stykket *Jordi* kallar svært populært. Skodespelarane var bak frå venstre: Bjørgulv Eik, Margit Eik, Magnhild Eikeland, Kåre T. Rød og Harald Hjørnevåg. Framme frå venstre ser vi Kristian O. Bringedal, Gunnvald Friheim og Sigvald Eik.

De finn langt fleire gamle Uskedalsbilete på dei to nemnde facebooksidene. To flittige bidragsytarar er dei to utflytta uskedalingane Aud Karin Løfall og Harald Sætre. Det er vi takksame for.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.